



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Forsvarssjefen
postmottak@fd.dep.no

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		640/2012/X00	Ingunn Bekken Sjøholm, 71 25 87 18	05.01.2012

Høyringsvar på Forsvarssjefens fagmilitære råd

Møre og Romsdal fylkeskommune sendte den 22.12.2011 brev til Forsvarssjefen der det vart vist til fylkestinget sin uttale om Møre og Fjordane heimevernsdistrikt. Det vart ikkje i dette brevet presisert at uttalen var eit høyringsvar på dokumentet "Forsvarssjefens fagmilitære råd". Uttalen var som følgjer:

"Møre og Romsdal fylkeskommune ser med sterk uro på Forsvarssjefen sitt forslag om å legge ned Møre og Fjordane heimevernsdistrikt 11 (HV 11). Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane har svært spesiell topografi med utfordrande kommunikasjon over fjell og fjord med tilhøyrande utsett infrastruktur.

Desse fylka har stor kraft- og energiproduksjon herunder store ilandføringsanlegg for gass. I tillegg ligg mykje av Noregs eksportindustri i desse fylka med tilsvarende behov for vern av menneske, eigedom og transportårer. Topografien gir fare for ras, skred og andre naturkatastrofar som kan gje enorme øydeleggingar.

Heimevernet er difor svært viktig og det er berre Heimevernet som kan stille tilstrekkeleg kapasitet på ulike område raskt nok når fare av ulik art truar. Det er difor feil å dele Heimevernet si leining av landsdelen mellom Værnes og Bergen. Lokal kunnskap og kompetanse rettidig på staden er avgjerande for at Heimevernet skal kunne løyse oppdrag i krig og kriser. Dette vert særleg understreka av fylka sin krevjande infrastruktur som er sårbar. Vi forventar støtte frå heimvernet når fare truar og lokalsamfunn treng hjelp. Med endring av dagens struktur som foreslått vil dette bli sterkt svekka om ikkje øydelagt.

I regjeringserklæring, Soria Moria II, står det at det skal vere ein god balanse i forholdet mellom militær og sivil beredskap. Møre og Romsdal fylkeskommune ser på ei eventuell nedlegging av HV 11 som eit brot på denne erklæringa.

Forslaget om at HV skal reduseres med 4 distrikter og en reduksjon på 15000 soldater vil medføre at HV ikkje lenger vil være desentralisert og lokalt ledet.

Dette vil svekke lokal kunnskap og tilhørighet, samt øydelegge det etablerte sivile militære samarbeid som er opparbeidd.

HV 11 er eit stort og komplisert distrikt med 17 områdesjefar, og reisetid på mange timar frå sør til nord. Distriktet samarbeider med to fylkesmenn, tre politimeistrar og 54 kommunar. Møre og Romsdal fylkeskommune er overtydd om at eit større HV distrikt vil svekke beredskapen i landsdelen.

Møre og Romsdal fylkeskommune krev at Møre og Fjordane heimevernsdistrikt vert vidareført og styrka."

Etter at denne uttalen vart vedtatt, har Nord-Vestlandet vore råka av orkanen Dagmar. Mannskap frå fem ulike heimevernsområder vart sett i arbeid for å rette opp skadane. Dei gjorde ein svært viktig jobb for lokalsamfunna i Møre og Romsdal.

Denne hendinga synleggjorde fordelane med heimevernet:

- Stor lokalkunnskap
- Rask mobilisering
- Kompetanse gjennom jamlege øvingar
- Utstyr til å handtere kritiske situasjonar

Møre og Romsdal fylkeskommune vil rette ein takk til Forsvarssjefen og til heimevernet for det arbeidet som vart gjort for innbyggjarane, næringslivet og offentlege etatar etter ekstremveret Dagmar sine herjingar i Møre og Romsdal. Heimevernet viste at dei kan vere ein viktig støttespelar ved ekstreme versituasjonar.

Som ein konsekvens av klimaendringane kan ein vente meir ekstremver likt det vi opplevde på Nord-Vestlandet i romjula. Fylkesrådmannen ber Forsvarssjefen ta omsyn til rolla heimevernet har i slike situasjonar når han no legg føringar for heimevernet i framtida.

Med helsing

Jon Aasen
fylkesordførar

Ottar Brage Guttelvik
fylkesrådmann